

Fra: Jon Askeland (Jon.Askeland@vlfk.no)

Sendt: 14.04.2020 21:56:20

Til: Politisk

Kopi: Tor André Ljosland; Bård Sandal

Emne: VS: Reiseliv og Vestland

Vedlegg: 14042020 Brev fra Fjord Norge .pdf

Fra: Hans Erik Ringkjøb <Hans.Erik.Ringkjob@voss.herad.no>

Sendt: tirsdag 14. april 2020 15:10

Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Bård Sandal <Bard.Sandal@vlfk.no>

Kopi: Alfred Bjørlo <alfred.bjorlo@stad.kommune.no>; Mona Haugland Hellesnes <mona@visitvoss.no>

Emne: Reiseliv og Vestland

Hei, viser til tidlegare møte og samtalar i samband med reiselivsnæringa hjå oss. No har FjordNorge og andre kome med uttalar knytta til sesongbaserte næringar. Eg ønskjer at me som fylke og ordførarar kan støtta det dei kjem med. Følgjande tekst kan vera utgangspunkt for støtteuttale:

Støtteuttale til krisepakke for sesongbaserte næringar

Fleire næringar opplever no full stopp i all aktivitet pga koronakrisa, og særleg hard råka er norsk reiseliv. Både innlands- og internasjonale reisande er ikkje-eksisterande. Koronakrisa råkar heile verda, og mest truleg er store delar av årets sesong tapt.

Vestland fylke er det største reiselivsfylket i Noreg. For reiselivet vil ei kompensasjonsordning som ikkje tek høgde for sesongvariasjonar vera direkte øydeleggjande, fordi høgsesong, om det er sommar eller vinter, genererer inntekter som verksemdene lever på fram til ny sesong. Utan inntekter gjennom høgsesongen, vil sesongbaserte verksemdar på rekkje og rad bukka under.

For å unngå at Noregs tredje største næring kan stå i fare for å bli radert bort, vil me på det sterkaste råda til at det kjem på plass støtteordningar som sikrar sesongverksemdar kompensasjon over tid. Berre på det viset kan desse verksemdene overleva koronakrisa.

Vestland fylke viser til og støttar høyringsuttale frå FjordNorge, der det er skissert løysing for sesongbaserte næringar. Likande uttalar er sendt frå både destinasjonsselskap, kommunar og samarbeid mellom ulike aktørar.

Legg ved FjordNorge sin uttale.

Venleg helsing

Hans-Erik Ringkjøb

Ordførar

Voss herad

Telefon 97138720

E-post: hans.erik.ringkjob@voss.herad.no

